

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren

Emne: Skav

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sørstua, Haukdal

(adresse): Snøan.

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter samtale med eldre folk i grenda.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Her i grenda har ein ikkje havt noko samnamn på førlaga utom høyet. No kan det vera at namnet "livhangel" har vore bruka, men da meinte ein alt slag før i vårknipa.

2. Ein har ikkje noko samnamn for hjelpefôr frå skog og mark. Namnet "skav" er kjent, men beit og brom er framande nemningar. I staden for beit og brom har ein her sagt "brøtt". Denne nemninga dekker både smått, fint bjørkeris og furrubar tatt tidleg på vinteren og ris med svellande knøppar utpå våren.

Utom desse nemningane har ein ordet "gnav". Med det meiner ein større greiner og mindre tre som vart lagt heile inn til sauene. Her låg det så til alle dei finare greiner var oppetne og sjølve leggen kvitgnagen. Gnav kjem av verbet "å gnåvvå". Ein slepp skavinga. Sautonna gjer det sjøl.

3. Gjerningsordet skava lyder eins både i notid, fortid og partisipp: "Skåvvå"

4. Skavet har vore mykje bruka til før her i grenda, men no er det kring ein mansalder sidan det gjekk av bruk. I beste brukstida var skavet like årvisst som andre førlaga. Det var ein part av årsføret, og det eine året var like vanskeleg som det andre.



2

Like sikkert som våren kom, var det eit eller fleire dyr som ikkje hadde krefter til å halda seg oppe i båsen.

5. Her har ein bruka skav av rogn, osp, selje, hegg, bjørk og noko av furru. Older var det ikkje verd å by dyra. Det skavet bles dei berre i nasen åt.

I eldre tider var det bruka noko alm, men almen vart heilt tynt her i borkebrødstida da borken gjekk til folkemat. No fins det knapt ein einaste alm her i grenda.

Beste skavtrea har vore alm, osp, og rogn.

6. Namnet skav har ikkje vore bruka på noko treslag.

7. Ein kjenner rimet om skavet i denne forma:

Asp legg smør i ask.  
Via velte  
Sølja svelte  
rogn og hegg sett merj i legg.

8. Skavet vart bruka til alle dyr så nær som til hestane.

Skavet vart gje heile vinterhalvåret. Det kunne brukast for seg sjøl, men oftast vart det blanda med agne eller seinare på vårparten vart det blanda i oppsopet frå lemgolv.

Når det galdt bjørkeskavet vart det bruka i to former.

Anten skava på vanleg måte, eller ein løypte bjørka i sevjetida på forsommaren. Ein flekkte da nevra av til bruk for taktekkjing, reiv borken av med løypepinne, sette borklurane til tork, kørde dei tørre i hus, trøska borken til småbitar med "sluvvu" og koka "lau" på borken. Denne lauen sette dyra sers høgt. Det var den reine lekkerbiskjen for dei. Allt bjørkeskav vart bruka som "lau". Men av osp gjekk det ikkje an å koka lau. Han vart for ram i smaken.

9. Etter rimet å døma hadde røynsla vist at skavet av osp verka i positiv leid når det galdt smørproduksjon og dermed mjølkemengda. Dei gamle bruka å segja at kyrne kom seg i mjølka når dei fekk skav. Skavet sette ikkje



nokon beisk smak på mjølka.

10. Ein har bruka skavet av ~~vixkavveden~~ årsveden. Berre i serhøve har skavved vore henta eins ærend. Hessjeveden her er berre av gran og skav av gran har aldri vore bruka til før.

11. Da ein berre har bruka å ta skavet av årsveden og ikkje henta skavved eins ærend, fins det ikkje noko sernamn på henting av skavved. Det har vore nemnt "vedkøyring" berre. Skavved vart det først når stokkane var kappa og kløyvd i skior.

12. Ein kjenner berre nemninga "ved", men i somme høve har det vorte sagt om jamne, fine ospestokkar "Det her bi rett fin skavved". Nemninga viser at det vart skavved først etter hogging og kløyving.

13. Gjerningsordet "Marka" er ikkje kjend. Vi har ordet Markafør, men med det meiner ein berre på småhøyet frå utmarkslåttane. Markaslått er dei utslåttane som frå alders tid har lege attåt gardane. Ein har òg eit anna namn frå same rot "Markagard." Det er gardar som ligg avleides og einstaka i eit strok der gardar lenger framme i bygda har markaslått.

14. Veden vart køyrd heim så snart føret var lugumt til det. Da ein ikkje har skild millom heimkøyring av skavved og annan ved vart all vedkøyring sett på å vera like sur og hard. Henting av skavved langfredagsmorgonen på fastande hjarte kjenner ein ikkje døme på her i grenda. Tradisjonen om å halda helg slike dagar har vore så djupt rotfest at slik vedhenting ville vera heilt utenkjeleg.

15. Skavinga har vore gjort ved vedskjulet, på snikkarloftet men oftast inne i stuggu. Det siste har nok vore det vanlege.

16.17.18.19. Mest vanleg har det vore å bruka tollekniven



4.

til å skava med. Ein kniv med skaft i begge endar har vore bruka til å "ry" hessjeved med. Kniven var laga spesielt for arbeidet og går under namnet "reitkniv" i daglegtale. (Reitkniv)

Dei gamle tynsleljåane er ikkje kjende i det heile. Når ein "rydd hessjeved" eller "skåvvå" med "reitkniva" sette ein fast stauren eller stokken i den vanlege vedbukken. Arbeidsmåten ved skaving og ved rying av hessjeved går såleis om kvart anna. I seinare år er reitkniven gått heilt av bruk ved rying av hessjeved òg. Ein brukar no den vanlege vedøksa til rying av hessjevedan. Staurane står ein mot hoggestabben.

I gammal tid stod hoggestabben framfor peisen - (eller "stena" som daglegnemninga er her) inne i stuggu. På denne stabben satt gammal mannen på garden og skåvvå. Han heldt tollekniven roleg over høgge låret og drog skavskia att og fram under egga.

Nemninga " skavhæl " er ikkje kjend.

20. Veden kallar ein skavved.

21. Borken kallast skav. Småbitane har same namn.

22. Ein tar skav både av tunne kjeppar og av større tre. Skavveden har vanleg brennvedlengd.

23. All ved - både skior og kjepp har vore kalla berre skavved.

24. Trelag måtte helst ikkje vera med i skavet. Finast vart det når kniven gjekk i skilet millom veden og sevje laget. Gammalkarane var flinkaste skavarane. Dei hadde det i fingrane kvar kniven skulle gå.

25. Skavveden vart bruka til det som fall seg. Både i stuggu og til baksteved.

26. Bruken av skav slutta for 40 - 50 år sidan. Dei orda det er spurd etter har eg grave etter, men ingen av dei gamle veit noko om det. Berre samnamnet skavved går att.